



Etnedal kommune

Plan og teknisk

Gullord Geoservice
Storgata 117
2615 LILLEHAMMER

Administrativt vedtak

Deres ref.:	Vår ref.:	Arkivsak:	ArkivID:	Vår dato:
	SAGKAR - 26/4118	26/729	GBNR- 114/116, K2- M55	17.08.2026

Saksnr.	Utvalg
137/26	Kommunestyret

Vedtak om utsleppsløyve - gnr 114 bnr 116 - Langedalstølvegen 56

Tiltak:	Etablering av mindre avløpsanlegg
Byggested:	Gbnr: 114/116 Langedalstølvegen 56
Tiltakshaver:	Rune Rønningen
Ansvarlig søker:	Gullord Geoservice

Vedtak

Etnedal kommune godkjenner etablering av avløpsanlegg og utslepp av sanitært avløpsvatn på gnr. 114, bnr. 116. Avløpsanlegget skal etablerast i tråd med *Forskrift om utslipp av avløpsvann fra avløpsanlegg som ikke overstiger 50 pe, Etnedal kommune*.

Utsleppsløyvet gjeld frå vedtaksdato og er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5. Løyve til bygging av avløpsanlegget er gitt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 20.

Vilkår for løyva

- Avløpsanlegget skal etablerast i samsvar med forureiningsforskrifta §§ 12-7 til 12-13, søknadsdokumentasjonen og godkjent situasjonskart.
- Anleggseigar er ansvarleg for forureining frå anlegget.
- Det skal til kvar tid vere gyldig serviceavtale for minirensanlegget.
- Minirensanlegget og slamavskiljaren skal registrerast i Valdres Kommunale Renovasjon sitt tømmesystem og tømmast etter gjeldande tømmerutinar.
- Tilkomst for tømming må vere sikra, jf. krav til køyreveg, avstand og høgdeforskjell.
- Ferdigmelding skal sendast kommunen før anlegget blir teke i bruk.
- Infiltrasjonsområdet skal liggje nedstraums den felles brønnen, slik det går fram av godkjent situasjonskart. Plasseringa kan ikkje flyttast nærare eller oppstraums brønnen utan ny hydrogeologisk vurdering og skriftleg samtykke frå kommunen.
- Anlegget skal plasserast og sikrast slik at flaum ikkje fører til oppdrift, innlekking, utvasking, funksjonssvikt eller urensa utslepp.

Besøksadresse:	Postadresse:	Telefon:	Organisasjonsnummer:
Kyrkjevegen 10	2890 Etnedal	61 12 13 00	933 038 173
E-mail: postmottak@etnedal.kommune.no			
www.etnedal.kommune.no			

- Kommunen kan krevje tilkopling til offentleg vatn- og avløpsanlegg dersom dette blir tilgjengeleg i området.
- Løyvet fell bort dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan tre år eller blir stansa i meir enn to år.

Som ansvarleg søker er Gullord Geoservice, org.nr. 915 934 382, ansvarleg for samordning av dei ulike oppgåvene knytt til tiltaket og skal sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar.

Saksopplysninger

Lovgrunnlaget:

Vedtaket er gjort med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5, lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg i Etnedal kommune og plan- og bygningslova § 20-1.

Informasjon om saka

Gullord Geoservice søker på vegner av Rune Rønningen om utsleppsløyve for etablering av nytt avløpsanlegg til eksisterande fritidsbustad på gnr. 114, bnr. 116, Langedalstøvegen 56. Det er søkt om etablering av minirensanlegg for samla svart- og gråvatn, med etterfølgjande tokamra slamavskiljar og grunn infiltrasjon i stadlege massar. I samband med søknaden er det gjennomført kornfordelingsanalyse og infiltrasjonstest som dokumenterer lokale infiltrasjonsforhold på eigedomen.

Avløpsanlegget skal bestå av

- Eco Solution minirensanlegg for samla avløp,
- tokamra slamavskiljar på 1 m³,
- infiltrasjonsgrøft på 10 m².

Anlegget er dimensjonert for 5 pe og ei dimensjonerande vassmengd på 1 000 liter per døgn. Minirensanlegget skal tilfredsstille NS-EN 12566-3 og rensekrava i lokal forskrift og forureiningsforskrifta § 12-8.

Gullord Geoservice, org.nr. 915 934 382, erklærer ansvarsrett for SØK og PRO. VVS-Service AS, org.nr. 942 646 178, erklærer ansvarsrett for UTF.

Tiltaket er nabovarsla utan innvendingar frå varsla partar.

Grunngjeving

Det er søkt om utsleppsløyve for nyetablering av avløpsanlegg til eksisterande fritidsbustad. Løyvet er vurdert med heimel i forureiningsforskrifta kapittel 12, lokal forskrift om mindre avløpsanlegg, naturmangfaldlova §§ 8–12, vassforskrifta § 12, kulturminnelova § 3 og plan- og bygningslova kapittel 27 og 30.

Arealbruk og lokalisering

Eigedomen ligg i LNF-område med eksisterande fritidsbustad. Tiltaket omfattar etablering av avløpsanlegg til eksisterande bebyggelse og medfører ikkje endra arealbruk utover dei tekniske installasjonane som er nødvendige for avløpsløyvinga.

DOK-analysen viser ikkje konflikt med registrerte naturtypar, prioriterte artar, naturvernområde eller registrerte kulturminne innanfor tiltaksområdet. Tiltaket blir etablert på ei allereie utbygd fritidseigedom og er vurdert å ikkje medføre vesentleg negativ påverknad på friluftsliv eller andre allmenne interesser.

DOK-analysen viser at delar av eigedomen og planlagt anleggsområde ligg innanfor NVE sitt aktsemdsområde for flaum. Aktsemdskartet er på oversiktsnivå og fastset ikkje konkret flaumhøgde. Kommunen set derfor vilkår om at anlegget skal sikrast mot oppdrift, innlekking, utvasking og funksjonssvikt.

Vegtilkomst og tilgjenge for tømming

Etter visuell vurdering av kartgrunnlaget er det etablert køyreveg fram til eigedomen.

For å oppfylle krava i forskrift om tømming og tilsyn av mindre avløpsanlegg i Valdres skal:

- det vere køyrbar veg fram til minirensanlegget og slamavskiljaren,
- avstanden frå oppstillingsplass for tankbil til anlegget ikkje overstige 15 meter,
- høgdeforskjellen ikkje overstige 5 meter.

Tiltakshavar har ansvar for at desse krava er oppfylte ved ferdigmelding.

Tilhøvet til VA-planen for Bruiten

VA-planen for Bruiten/Åfetstølen frå 2009 tilrår biologiske filter for rensing av gråvatn, kombinert med tett tank, biologisk toalett eller forbrenningstoilet for toalettavløpet. Minirensanlegg for samla avløpsvatn er derfor ikkje den prinsippøysinga som er tilrådd i planen.

Kommunen legg likevel vekt på at dokumentet er ei rammeplan som skal danne grunnlag for seinare søknader om utsleppsløyve. Planen krev detaljundersøkingar for kvart enkelt utslepp og føreset at eventuelle avvik blir rapporterte til kommunen. Han er ikkje ein reguleringsplan eller lokal forskrift og inneheld ikkje eit uttrykkeleg forbod mot andre dokumenterte renseløysingar. Det er derfor ikkje nødvendig med dispensasjon frå planen, men avviket må vurderast i den konkrete utsleppssaka.

For denne eigedomen ligg det føre ny, stadsspesifikk prosjektering, kornfordelingsanalyse og infiltrasjonstest. Løysinga inneber full rensing av både grå- og svartvatn i minirensanlegg før etterpolering i stadlege massar. Infiltrasjonsområdet er lagt nedstraums den felles brønnen som er vist på situasjonskartet. Med vilkår om dokumentert renseeffekt, service, etterpolering, vern av drikkevatn og flaumsikring vurderer kommunen at løysinga samla sett gir forsvarleg miljø- og hygienetryggleik. Avviket frå VA-planen er derfor ikkje til hinder for løyve etter forureiningsforskrifta kapittel 12.

Naturmangfald (nml. §§ 8–12)

Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 som tilstrekkeleg.

Gjennom DOK-analysen, Vann-Nett, NIBIO (Kilden), VA-planen og innsend dokumentasjon ligg det føre eit oppdatert og tilstrekkeleg grunnlag for vurderinga.

Det er ikkje registrert naturtypar, prioriterte artar eller andre naturverdiar med særleg verneverdi innanfor tiltaksområdet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 tilseier derfor ikkje at tiltaket skal avslåast. Det er heller ikkje dokumentert forhold som tilseier at tiltaket vil medføre uakseptabel samla belastning på økosystemet, jf. naturmangfaldlova § 10.

Vassmiljø og kulturminne

Avløpet skal rensast i minirensanlegg før etterpolering gjennom slamavskiljar og infiltrasjon i stadlege massar. Næraste registrerte vassførekomst ligg om lag 0,1 km frå eigedomen. Kommunen har vurdert plasseringa av infiltrasjonsanlegget særskilt opp mot omsynet til vassmiljø, grunnvatn og drikkevassinteresser.

VA-planen for området peikar på at lausmassane kan nyttast i mindre omfang som mellomresipient for bortleiing av rensa gråvatn, men fråår infiltrasjon av berre slamavskilt avløpsvatn. Den omsøkte løysinga skil seg frå dette ved at samla avløpsvatn først blir fullrensa i minirensanlegg før etterpolering. Den nye stadlege kornfordelingsanalysen og infiltrasjonstesten gir dessutan eit meir presist grunnlag for den konkrete plasseringa enn undersøkingane på områdenivå frå 2009.

Grunnundersøkingane viser morenemassar med innslag av elveavsetning. Prosjekterande har berekna hydraulisk kapasitet til 7 m³ per døgn, medan dimensjonerande vassmengd er 1 m³ per døgn. Infiltrasjonsflata på 10 m² er derfor vurdert som tilstrekkeleg for etterpolering av rensa avløpsvatn.

Eigedomen har felles brønn. Infiltrasjonsområdet er vist nedstraums brønnen på situasjonskartet. Løyvet føreset at plasseringa ikkje blir endra nærare eller oppstraums brønnen utan ny hydrogeologisk vurdering og skriftleg samtykke frå kommunen. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområdet.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at det omsøkte avløpsanlegget vil gi tilstrekkeleg renseeffekt, og at utsleppet ikkje vil medføre forringing av miljøtilstanden i nærliggjande vassførekomst eller vere til hinder for at miljømåla etter vassforskrifta blir nådde. Føresetnaden er at anlegget blir etablert og drive i samsvar med godkjend søknad, prosjektering og vilkåra i vedtaket.

Tiltaket er elles vurdert å ikkje vere i strid med friluftsliv eller andre allmenne interesser.

Gebyr

Søknaden gjeld eigedom innanfor område med godkjend VA-plan. Gebyr for handsaming av søknad om utsleppsløyve er derfor kr 4 500,- i samsvar med Etnedal kommune sitt gjeldande gebyrregulativ.

Høve til å klage

Vedtaket er fatta i medhald av delegasjonsreglementet og kan i medhald av forvaltningslova §§ 28–36 klagast på. Klagefristen er tre veker frå den dagen vedtaket er gjort kjent for dykk. Klaga skal sendast skriftleg til Etnedal kommune. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følge, blir saka sendt til klageinstansen for endeleg avgjerd. Du har rett til å gjere deg kjend med sakas dokument etter forvaltningslova §§ 18 og 19.

Med helsing

Kari-Elin Solberg Saglien
Rådgiver

Etter våre rutiner er dette dokumentet godkjent og sendt uten underskrift.